



Medlemmar i Driftsstyret  
ved Kleppe skule

## REFERAT FRÅ MØTE I SKULEMILJØUTVAL / DRIFTSSTYREMØTE KLEPPE SKULE ONSDAG 22.11.17 KL.18-20

**Tilstade:** Dag Folkvord, Else Berit Hattaland, Mette E Brunnes, Hanne Bø Kaspersen, Gro Jeanett Birkeland Davis, Kjersti Olimb Salte, Guro Grude, Kristoffer Strøm Storhaug og Sylvia Gjersdal  
**Forfall:** Ein elevrådsrepresentant og Beate Braut

### **Sak 07/17-18 Godkjenning av referatet frå 07.09.17.**

Referatet vart godkjent.

### **Sak08/17-18 Partnerskap mot mobbing**

Orientering om arbeidet så langt. Komiteen har hatt møte.

Informasjon om FAU sitt arbeid, Elevrådet sine planar og skulen/SFO sine planar.

Sjå vedlagt notat frå møte i komiteen.

Gode drøftingar kring motsett fokus. Det å ha fokus på trivsel, og ikkje på antimobbing...

### **Sak09/17-18 Kva kan gje eit betre skulemiljø på Kleppe skule?**

Drøfting av kva og prioritere oppgåvene.

Vedlagt finn de veiledning til Skulemiljøutval frå Utdanningsdirektoratet. Denne er nyttig lesestoff før møte.

- Elevrådet trekk fram Kleppe-skule-disco. Dette vil vi gjere kvar månad.
- Ballbingen – her må det oppgraderes! Her er det «badebasseng». Skal vi ha fast nett? F.eks stål? Slepp då problem med hull i nettet og at elevane spring gjennom nettet.
- Male opp på asfalten? Med kjekke fargar. Ulike aktivitetar.
- 7.klasseplassen: kan vi ha meir her? Stein/betong-bordtennisbord?
- Sjekke fadderplanen – denne kan vi halde varm. Mykje bra i denne! Ta elevane med i planlegginga, kva har de lyst å gjere for dei ein er fadder for?
- Kunstverk på veggane. Kan godt fornye litt her!
- Idéboks i klassane. Alle klassane kan ha ein boks der ein kan legge oppi idear, ting ein vil snakke om eller anna ein er oppteken av. Så tek ein dette opp i klassane etterpå.

Det var mange gode og kreative idear som kom fram. Skulen og elevrådet vil vurdere kva dei kan gå vidare med av dette.

### **Sak10/17-18 Høyrings sak: Kommunalt ordensreglement**

Det er laga forslag til felles ordensreglement for alle skulane i Klepp kommune. Høyringsfrist er 01.12.17. Sjå vedlagt dokument.

Driftstyret har desse kommentarane:

Bør stå meir om å respektere kvarandre.

Meiner at det ikkje bør stå at vi skal ha innesko! Dette kan vi vel ikkje seie at alle må bruke. Stiller spørsmål om det er greit at det står anmodningar,

Presiseringar: Det bør ikkje bli nemnt eksempler på verktøy (eks e-post, SMS) Dette er ting som endrer seg raskt.



Kanskje bør det vere eige ordensreglement for barneskule og ungdomsskule?

Mykje som ikkje er aktuelt for barneskolen.

Generelt er det altfor mykje med i dette ordensreglementet. Kun få reglar, heller ha trivselsreglar utanom.

### **Sak11/17-18Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutvalet**

Elevråd:

-Talentiade 19.januar. Dette er ein stor jobb, og eit viktig bidrag for eit positivt skulemiljø

-julekakesalg

FAU:

-Fane: Oppfordrer alle til å vere med i ein teikne-/designkonkurranse. Finne eit symbol som har noko med skulen å gjere. FAU utfordrer elevrådet til å lage ein konkurranse el.l

-17.mai-arrangementet: Vil setje ned ein komitè som kan utvikle 17.mai-arrangementet til å bli ein kjekk folkefest for alle. Treng litt fornying.

-Klassekassar: Ønsker å gjere dette på ein ryddigare måte, at det ikkje skal vera knytt til privatpersonar.

Skulen var positiv til at vi kunne lage klassekassar som skulen var eigarar av. Men, det er ikkje mogleg å ha desse under kommunen.

Ei løysing er at FAU blir registrert i Brønnøysund-registeret.

-Trafikksikring: FAU har arrangert refleksdemonstrasjon

- Kafédrift på 50-årsjubileumet

Skulen og SFO:

-50-årsjubileum – vellukka feiring!

-Leseprosjekter, dette er kjekt og gjer leseglede!

-SFO – nedgang i antal barn

-iPad til alle elevar innan februar. Vi hadde ei god drøfting kring bruk av dette.

Hovudutval for skule og barnehage:

-økonomibehandling

-utbygging Kleppe skule

-IKT-planen skal vedtas

-venter på avklaring ifht om den nye skulen skal liggje på BMX-tomta.

### **Sak12/17-18 Planlagt utbygging av Kleppe skule**

Rektor orienterte om planane og teikningane som føreligg.

### **Sak 13/17-18 Økonomi**

Rektor orienterte om at rapportane viser at vi er i balanse. SFO kjem til å kome ut med underskot, dette skyldast nedgang i foreldrebetaling.

### **Sak 14/17-18 Eventuelt**

Beate Braut frå FAU går ut av Driftsstyret og Torunn Vigrestad kjem inn.

Kleppe skule, 1.desember 2017

Sylvia Gjersdal

Referent